



Arkivnr: 2017/815-10

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld og Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

2017 - Søknader om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap

Samandrag

Søknadsfristen for tilskotsordninga *Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale seniormeisterskap* er 15. april året før arrangementet skal finne stad. Dei fleste større arrangement vert tildelt i god tid for å rekke denne fristen. Fylkestinget i desember 2016 løyvde midlar for 2017 til arrangementa Bergen Swim Festival, Tour des Fjords og NM i motbakkeløp.

Det viser seg at fleire nasjonale og internasjonale seniormeisterskap vert tildelt med langt kortare frist for arrangøren. Såleis vert desse søknadane for arrangement i 2017 lagt fram i sak for handsaming frå tilleggsøyvingskontoen til Fylkesutvalet.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: kultur, heiter det at «store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.» I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: *Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettslig satsing og positive ringverknadar for næringslivet.* Arrangement bør vise til god geografisk spreing av deltakarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.

Fylkesrådmannen ser behov for å endre retningslinene for ordninga både i høve utfordringar knytt til tildelingstidspunkt for meisterskap og søknadsfristar, og i høve differensiering mellom junior- og seniormeisterskap. For å møte dei utfordringane arrangørane har, vil det bli lagt fram ei sak for Utval for kultur, idrett og regional utvikling i april med forslag til endra retningsliner.

Til tilleggsøyvingar er det i 2017 ført opp kr 2 829 000 til Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

Forslag til innstilling

Støtte til ulike idrettsarrangement i 2017 vert tildelt som vist i tabell under;

Søkjjar	Kommune	Arrangement	Søknadssum	Tildelt
Strandebarm IL	Kvam	Noregsmeistarskap i terrengløp for 2017	75.000	25.000
Stiftelsen Røldal Freeride	Odda	Røldal Freeride Challenge og Junior NM	50.000	25.000
Norges håndballforbund, region Vest	Fjell	Møbelringen Cup 2017	100.000	50.000
Voss Freestyleklubb	Voss	FIS Freestyle Ski World Cup 2017	100.000	50.000
Fana IL Turn	Fjell	NM i sportsdrill 2017	Uspesifisert	0
Hardanger bordtennisklubb	Kvam	Senior-NM i bordtennis i Nordheimsund og Øystese	500,- til 4 000,- (annonseplass)	0
Bergen Triathlon Club	Bergen	Championship Challenge Bergen - triathlon	1,5 mill (evt 1 mill +500 000 i underskotsgaranti)	0
TIF Viking	Bergen	Gjennomføring av E-cup volleyball	60.000	25.000

Budsjettet vert endra slik;

10.720.200.00.14900 går ned med kr 175.000. 10.400.410.00.14700 aukar med kr 175.000.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.03.2017

Søklarane:

1	<p>Noregsmeisterskap i terrengløp for 2017 - Kvam Strandebarm IL skal arrangere NM i terrengløp 1.-2.4.2017 med Strandebarm Idrettspark som base. Klubben hadde tilsvarende arrangement i 2012. Deltakarar frå heile landet, med sterk representasjon frå Hordaland.</p> <p>Dette er det tredje NM-arrangementet i Strandebarm på kort tid, noko som viser tillit til Strandebarm IL som arrangør. Det er lagt opp til ein løypetrasè som skal vere publikumsvenleg med god utsikt.</p> <p>Arrangementet bidreg til rekruttering både innan idretten og innanfor arrangementskompetanse. Det er om lag 250 deltakarar.</p> <p>Tildelt arrangement: våren 2016 Kostnad: kr 130.000 Søknadssum: kr 75.000 Frå kommunen: Ikkje oppgitt</p> <p>Vurdering: kr 25.000</p>
2	<p>Røldal Freeride Challenge og Junior NM, Odda Stiftinga Røldal Freeride søker om tilskot til frikøyringskonkurransar på snøbrett og ski. Røldal Freeride Challenge 26.-30.4.2017 og Junior NM 21.- 23.4.2017. RFC er finale i norgescupen i frikøyning, og har ei høg nasjonal og internasjonal anerkjenning. Det vert arrangert for 17. gong, og det er venta opp mot 3000 tilskodarar.</p> <p>Arrangementet vil gje overføringsverdi til lokalmiljøet og næringslivet – og gje Røldal eit løft som destinasjon for frikøyning og toppturar og skape grunnlag for næring innan skiskule, kurs og guiding. Seniorarrangementet har deltakarar frå heile landet, samt frå fleire europeiske land og også New Zealand og USA. Juniorarrangementet har deltakarar frå heile landet og også frå Norden.</p> <p>Frikøyning har ikkje eige særforbund, men Røldal Freeride Junior har uoffisiell status som Junior NM i frikøyning. Røldal Freeride Challenge er ein del av Norway Freeride sin norgescup. Høgdepunkt frå seniorkonkurransen har tidlegare blitt vist både på NRK og TV2. I tillegg til brei merksemd frå nisjemagasinet Fri Flyt og lokale aviser og media.</p> <p>Tildelt arrangement: fast årleg (alltid siste og avgjerande konkurranse i norgescup) Kostnad: kr 260.000 Søknadssum: kr 50.000 Tilskot frå kommunen. Ikkje avklart. Søknad til Odda kommune. Fekk tilskot frå kommunen på kr 50.000 i 2016.</p> <p>Vurdering: kr 25.000 til Røldal Freeride Challenge (senior)</p>
3	<p>Møbelringen Cup 2017 – handball, Fjell NHF Region Vest søker om arrangementsstøtte til «Møbelringen Cup 2017», 23.-26.november. Fire av verdas beste kvinnelandslag med regjerande EM og Verdsmeister Norge i spissen kjem til Fjell kommune. Dei andre tre laga er Russland, Sør Korea og Ungarn.</p> <p>Stor mediedekning.</p> <p>Tildelt arrangement: desember 2016 Kostnad: over 1,5 mill totalt. Søknadssum: kr 100.000</p>

	<p>Frå kommunen/kommunane: Ikkje avklart. Søknad både til kommunane Bergen og Fjell.</p> <p>Vurdering: kr 50.000</p>
4	<p>FIS Freestyle Ski World Cup 2017, Voss</p> <p>Voss Freestyleklubb har fått tildelt finalar i den aller første verdscupen i Ski Big Air 24. og 25. Mars. Arrangementet skal haldast i Myrkdalen i samarbeid med Myrkdalen Fjellandsby, Destinasjon Voss, Norges Skiforbund, NRK og om lag 100 frivillige.</p> <p>Landa som er påmeldt: Frankrike, Tyskland, England, Mexico, Sveits, Slovakia, Sverige, Noreg, Austerrike. Dette er finalearrangementet for verdscup-sesongen 2016/2017.</p> <p>NRK dekker arrangementet, og sender live til heile verda.</p> <p>Tildelt arrangement: mai/juni 2016 Kostnad: kr 2.132.000 Tilskot søkt: kr 100.000 Tilskot frå kommunen: finansierer gjesteprogram, kostnadsrekna til kr 50.000,- + arbeidstid.</p> <p>Vurdering: kr 50.000</p>
5	<p>NM i sportsdrill, Fjell</p> <p>NM i sportsdrill vert arrangert i Sotra Arena 28.-30.april 2017. Bergen kommune har ikkje tilgjengeleg hall med tilstrekkeleg takhøgde, og det vert difor ekstra kostnad ved leige av hall og overnatting til deltakarane. Arrangøren søker Hordaland Fylkeskommune om bidrag til desse utgiftene. Meisterskapen har 86 deltakarar både rekruttar, juniorar og seniorar.</p> <p>Fana IL sportsdrillgruppa har 23 medlemmer. Tal på funksjonærar på arrangementet vert om lag 34. Arrangementet vil få god dekning i sosiale medium. Norges danseforbund vil «streame» konkurransen, slik at det kan følgast direkte på Youtube. Det jobbast med å få dekning både i lokal og nasjonal media.</p> <p>Tildelt arrangement sommar 2016 Kostnad: kr 147.500 Inntekter i budsjett: kr 125.633 Tilskot søkt: Ikkje spesifisert Tilskot frå kommunen: Ikkje nemnt</p> <p>Vurdering: Avslag. (Uvisst kor mange av dei 86 som er senior. Lite meisterskap, lite overføringsverdi lokalt og regionalt)</p>
6	<p>Senior-NM i bordtennis, Kvam</p> <p>Hardanger Bordtennisklubb arrangerer senior-NM i bordtennis i Norheimsund og Øystese 3.-5. mars 2017. Dette vert det mest prestisjetunge bordtennisarrangementet i Hardanger nokon sinne, der det m.a.vert kjempa om kongepokalar. Og ein av favorittane til å vinna kongepokalen blant herrane er Roger Andersson frå Hardanger BTK, som er busett i Øystese.</p> <p>Søknaden kjem seint, då klubben først nyleg fekk vite at det er mogleg å søkja fylkeskommunen om støtte. Søknadsfristen kunne likevel ikkje haldast då arrangementet ikkje var tildelt klubben på den tida.</p> <p>Det er deltakarar frå store delar av landet. Det er over 30 frivillige med på arrangementet. Dei frivillige er rekruttert både i og utanfor klubben. Dei får opplæring på ulike felt etter behov. Særleg viktig har vore opplæring av dommarane, som har gjennomført dommarkurs.</p>

	<p>Både klubben og Norges bordtennisforbund har arbeidd aktivt mot media. Forbundet har hatt kontakt med NRK, NRK Hordaland og TV2, og det vert god mediedekning lokalt, men usikkert med dekningsgrad nasjonalt.</p> <p>Tildelt arrangement: mai 2016 Kostnad: Ikkje lagt ved Inntekter i budsjett: Ikkje lagt ved Tilskot søkt: Ulike val av sponsorbrev Tilskot frå kommunen: Ikkje nemnt</p> <p>Vurdering: Avslag (det vert ikkje løyvd tilskot til annonsering)</p>
7	<p>Championship Challenge Bergen – triathlonarrangement august 2018, Bergen</p> <p>Challenge Family er den raskast voksende globale langdistanse triathlon-serie med 44 langdistanse-triathlon i 21 land. Med spektakulære ruter og ikoniske destinasjonar, fokuserer Challenge Family på å skape ei oppleving for livet, for deltakarane i alle aldersgrupper og på alle nivå. Samtidig som det skal vere ei minnerik oppleving for publikum.</p> <p>Bergen Triathlonklubb (BTC) er ansvarleg søker og BTC vil vere teknisk arrangør av Challenge Bergen. Norges Triathlonforbund (NTF) vil også vere ein sentral del av Challenge Bergen, i høve reglement for meisterskap, som sikrar at lover og reglar blir ivaretekne, i høve internasjonale meisterskapsreglar og at alle forhold ligg til rette for Anti Doping Norge, for å kunne teste utøvarar, og følge dei retningslinjer som Anti Doping krev for å oppfylle og styrke arbeidet mot doping.</p> <p>Målsettinga til Challenge Bergen er å arrangere ein fantastisk sportsfestival i Bergen, med aktiviteter for heile familien frå onsdag til søndag i løpsveka.</p> <p>Det vil bli arrangert The Championship i 2018-2019 og 2020 (og evt 2021). Det vil bli søkt om totalt 4 mill. kroner frå Hordaland fylkeskommune. Søknadssum i år er kr 1,5 mill – med to ulike alternativ.</p> <p>Tildelt arrangement Kostnad: kr 16 366 500,- Inntekter i budsjett: kr 16 473 600 Tilskot søkt: kr 1,5 mill eller 1 mill og 500.000,- i underskotsgaranti. Tilskot frå kommunen: uavklart</p> <p>Vurdering: Avslag (jf avklaring med idretten/særforbund samt samkøyring med Bergen kommune)</p>
8	<p>E-cup i volleyball herrar – TIF Viking, Bergen</p> <p>TIF Viking spelte returkamp i e-cupen 28. februar i Haukelandshallen. Motstandarlaget var russiske Fakel. Dei er rangert som eitt av Europas beste lag, og hadde m.a. fleire spelarar på det russiske laget som spelte bronsefinale i OL i Rio i 2016.</p> <p>TIF Viking spelte i forkant bortekamp i Sibir i Russland. Kostnadene til denne bortekampen var om lag kr 200.000,-.</p> <p>TIF Viking ønska at heimekampen skulle vere ein idrettsfest for heile fylket.</p> <p>Kostnad: kr 200.000 Inntekter: Ikkje spesifisert Tilskot søkt: kr 60.000 Tilskot frå kommunen: Ikkje nemnt</p> <p>Vurdering: kr 25.000</p>